



Kommunane i Rogaland

Kontakt saksbehandlar

Björg Karin Gilje Hetland, 51 56 87 42

## Andre gongs utlysing av tilskot til symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar 2019

Kunnskapsdepartementet vidarefører tilskotsordninga for symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar i 2019. Fylkesmannen i Rogaland har motteke kr 834 000 til føremålet. Kommunen kan søkje om inntil **kr 1 750** for kvar elev. Andre kostnader må kommunen dekke sjølv. Tilskotet skal brukast i budsjettåret 2019. Etter første utlysing i mars 2019 søkte 8 kommunar om tilskot, og Fylkesmannen utbetalte kr 400 750.

### Andre gongs utlysing

Fylkesmannen har kr 433 250 å tildele ved andre gongs utlysing. Ved denne utlysinga er det først til mølla prinsippet som gjeld, og søknader vil bli behandla etter kvart som dei kjem inn. Fylkesmannen tek imot søknader ut september månad.

Kommunar/skolar som allereie har motteke midlar i 2019 må sende rapport om gjennomført symjeopplæring før Fylkesmannen ev. kan tildele nye midlar.

### Mål for ordninga

Målet er å redusere risikoen for drukningsulykker og å setje elevane betre i stand til å nå kompetansemåla i læreplanen. Det er eit mål i læreplanen at elevane skal vere symjedyktige etter 4. årstrinn.

### Kven kan søkje?

Kommunar som har nykomne minoritetsspråklege elevar kan søkje om tilskot.

### Målgruppe

Målgruppa er nykomne minoritetsspråklege barn og unge i grunnskolen og nykomne minoritetsspråklege vaksne med rett til grunnskoleopplæring. Omgrepet nykomne minoritetsspråkleg er ikkje konkret tidfesta, sjølv om det betyr ei viss avgrensing i tid. Det er kommunen sjølv som må definere om tilbodet er til det beste for eleven.

Viss kommunen har andre elevar som ikkje kan symje eller ikkje har hatt høve til å delta i symjeundervisning, kan også desse delta i symjeopplæringa. Desse skal *ikkje* teljast med i søknaden.



## Organisering av symjeopplæringa

Kommunen vel sjølv korleis symjeopplæringa skal organiserast. Symjeopplæringa kan leggjast til skoletida eller etter skoletid. Søknader som beskriv eit samarbeid mellom frivillige organisasjonar og korleis dette kan etablerast/vidareførast, vil bli prioriterte dersom fleire står likt. Fleire kommunar kan samarbeide om å etablere felles ordningar. Det er viktig at jenter og gutar får eit likeverdig tilbod.

## Søknadsskjema

I søknaden skal de m.a. opplyse om korleis de vil organisere symjeopplæringa, namn på skolar og tal på nykomne minoritetsspråklege elevar som skal få symjeopplæring, kor mange timar opplæring de planlegg for og kva beløp de søker om. Bruk søknadsskjemaet som ligg ved.

Send berre ein søknad frå kvar kommune. Søknaden skal sendast til [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

## Rapportering

Etter gjennomført symjeopplæring skal kommunen rapportere om talet på nykome minoritetsspråklege elevar/vaksne som har gjennomført. Fylkesmannen skal rapportere dette vidare til Utdanningsdirektoratet. Meir informasjon vil stå i tildelingsbrevet.

Med helsing

Marianne Skogerbø  
utdanningsdirektør

Bjørg Karin Gilje Hetland  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

### Adresseliste:

Karmøy kommune	Postboks 167	4291	Kopervuj
Rennesøy kommune	Postboks 24	4159	Rennesøy
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Hå kommune	Postboks 24	4368	Varhaug
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland



Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Forsand kommune	Fossanvegen 380	4110	Forsand
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Finnøy kommune	Rådhuset	4160	Finnøy
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge i Dalane
Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Eigersund
Sola kommune	Postboks 99	4097	Sola
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger